



## Statens vegvesen


Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 16/188596-3 09.01.2017

### Ber om avklaring – Avkørysle – Fv. 404 – Gnr. 141 bnr. 3 – Kvamsvågen i Lindås kommune

Statens vegvesen fekk søknad 13.12.2016 frå Lindås kommune ved Eining for eigedom. Søknaden gjeld bygging av avkørysle til fv. 404 i samband med tilrettelegging av friluftsområde ved Kvamsvågen. Det er i dag ein eksisterande landbruksavkørysle på staden.

Lindås kommune søker om utbetring av avkørysle i samsvar med områderegulering for «Friområde Kvamsvågen» (2011). Vi ser samstundes at det er nyleg vedtatt ny reguleringsplan «Stølshaugane» (2016), der nemnde arealet til avkørysla er omfatta av planen, men er ikkje regulert. Vi vurderer det slik at siste godkjente plan overstyrer tidlegare vedtatt plan. Det betyr at søknad om avkørysle først må behandlast som ein dispensasjon frå plan før vi behandler saka etter veglova.



Del av reguleringsplan for «Stølshaugane» (2016). Området det avkørysle ligg er markert.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Faktaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

På bakgrunn av dette treng vi ei avklaring frå Lindås kommune ved planavdelinga før vi handsamar saka. Dersom kommunen meiner at avkøyrslle kan byggast i samsvar med plan, er det kommunen sjølv som er rett mynde. Det vil då vere relevant å lage ein byggeplan som syner påkobling til fylkesvegen. Det må i alle høve søkjast om arbeidsvarsling og evt. graveløyve til Statens vegvesen.

Dersom søknaden derimot skal behandlast som ein dispensasjon frå plan, skal den behandlast etter veglova. Vi vil i så fall vurdere søknaden etter vanlege reglar. Dersom vi godkjenner avkøyrsla vil vi setje krav til utforming i samsvar med dagens krav gitt i Handbok N100 *Veg og gateutforming*. Dei konkrete krava vil vi i så fall kome tilbake til. Relevante opplysningar til søknaden vil mellom anna vere kor mange brukarar / køyretøy som skal nytte avkøyrsla. Med bakgrunn i topografien på staden ser vi at det kan verte utfordringar knytt til kurvatur og helling i avkøyrsla.

Det er Lindås kommune som er rett planmynde. Vi avventar ei avklaring frå kommunen på kva saksgang som er rett.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ